

November 1912

Jesus - Frelsaren

For deg og for meg laut Han koma
frå Himlen til jordi vår ned,
alt medan ein englesong ljoma
eit himmelreint, jublande: «Fred!»

For deg og for meg laut Han fødst,
og leggjast på klutar og strå,
so dødssåret vårt kunde grødst,
og liv me på nytt kunde få.

For deg og for meg laut Han leva
eit liv som var feilfritt for Gud.
Til deg og til meg vil Han gjeva
sitt reine livs skuldlause skrud.

For deg og for meg laut Han lida
den grufulle død på ein kross,
so heilt Han fekk lindra vår kvida,
og skuldi betala for oss.

For deg og for meg vil Han beda
om nåde og kraft frå vår Gud.
Om deg og om meg vil Han freda,
som brudgomen fredar si brud.

Tenk, me skal få retten å bera
Hans bilete, æra og glans!
Og saman med Han få regjera
i Herlegdoms Gudsriket Hans.

Tenk, sveipte i Himmelens bunad,
vår Frelsar sitt åsyn me ser.
Ein lovsong kring Lammet si truna
som brus gjennom Himlane fer!

Johs. M. L. Rydland.